



Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår ref.

18/1466-7/N-511, TYPE-J, GBNR-019/0319/BJVI

Dykkar ref.

Dato:

22.03.2021

Oversending av søknad om dispensasjon frå byggjegrensa langs fv. 49 over Kvamskogen. Tilbygg til fritidsbustad

Viser til søknad om byggjeløyve til tilbygg til fritidsbustad på gnr. 19 bnr 319 på Kvamskogen.


Søknad om dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå 50 meter byggjegrense langs fylkesveg 49 over Kvamskogen, for å plassere eit tilbygg i overkant av 22 m frå senterlinje veg.


Søknad om byggjeløyve utan ansvarsrett

Eksisterande fritidsbustad er på 28 m² bebygd areal og 28 m² bruksareal. Tilbygget er 24 m² bebygd areal og 15 m² bruksareal.

Situasjonsplan




Flybilde 2017



Planstatus

Eigedomen er uregulert derfor gjer kommunedelplanen for Kvamskogen godkjent 6.9.2011 i HST sak 083/11 seg gjeldande.

Utsnitt arealplankart



Gnr 19 bnr 319 ligg i byggeområde for noverande fritidsbusetnad Hytte tett foretting (HTF01) med plankrav. Sentrale føresegner:

§ 2 Plankrav (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav a)

- a) For område avsett til framtidige byggeområde (fritidsbusetnad HTF og HOF) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og 93 før området går inn i ein reguleringsplan (jf. Pbl2008 § 12-3). Området er vist med skravur

Sidan pbl. (1985) § 86a ikkje er opplista betyr det at plankravet ikkje omfattar tilbygg inntil under 50 m² BYA/BRA.

Oppsummert

